



SANDE KOMMUNE
Rådmannen

FINANSDEPARTEMENTET

17. SEP. 2004

Saksnr. 04/1847-65
SÆRUTSKRIFT
Samla sakstramstilling

Utval	Saksnummer	Møtedato
Formannskapet	0105/04	07.09.04
003961/04 04/00766	Arkivnr. 203//	Saksbehandler: Gudmund Sandnes

**SKATTEOPPKREVARUTVALET SI INNSTILLING – BETRE
SKATTEOPPKREVIING. HØYRING.**


RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

1. Sande formannskap meiner at skatteoppgåvene som er omhandla i NOU 2004:12 framleis må verte utført av kommunene. Formannskapet kan ikkje sjå at ei statleggjering av oppgåvene vil gje meir kostnadseffektive løysingar og betre innfordringsresultat enn det kommunene oppnår i dag.
2. Røynslene ein har med skatteinnkrevjing som ei ommunal oppgåve er positive. Mellom anna med omsyn til innbyggjarane sin rettstryggleik, skatteoppkrevjinga sin brukarvennlegheit, ivaretaking av lokaldemokratiet gjennom innsyn og kontroll av folkevalde og stor løysingsgrad for innfordring av skattekrav gjer at formannskapet i Sande framleis ønskjer at skatteinnkrevjinga skal vere ei kommunal oppgåve.
3. Sande formannskap ser ulempene ved ei statleggjering av skatteinnkrevjinga som større enn fordelene. Dette gjeld både for kommunane og for innbyggjarane. Eventuelle fordeler ved å opprette større innfordringsmiljø vil ein kunne oppnå gjennom interkommunalt samarbeid, som vil vere ei betre løysing enn at staten overtek oppgåvene.
4. Sande formannskap føreset at Staten lyttar til lokalnivået som talerøyr for for folket i den vidare handsaminga av denne saka.

VEDTAK I FORMANNSKAPET

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

Rett utskrift
SANDE SERVICEKONTOR, 6084 LARSNES, 14.09.04


Gjertrud Vik
sekretær

Særutskrift:
Finansdepartementet.